



Kinn kommune sentraladministrasjon  
Postboks 294  
6701 Måløy

Sakshandsamar:

Anette Heggøy

## Rapport frå inspeksjon ved Kinn kommune - Brann og redning sitt brannøvingsfelt på Florø lufthamn

Kontrollnummer: 2021.256.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Kim Hjelle, Kinn kommune, brannsjef  
Robert Endestad, Kinn kommune, leder beredskap  
Siv Merete Stadheim, Avinor Lufthavnsjef  
Johnny Kleppenes, Avinor

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Anette Heggøy, overingeniør  
Britt Solheim, senioringeniør

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Kinn kommune - Brann og redning, heretter kalla Kinn brann og redning, sitt brannøvingsfelt på Florø lufthamn den 28. september 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekket 2 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda si handtering av kjemikaliar er ikkje tilfredsstillande
- Verksemda har ikkje gjennomført årsrapportering til Statsforvaltaren

Merknader:

- Verksemda sine rutinar for oppfølging av risikovurderinga kan betrast
- Dialogen mellom Avinor og Kinn brann og redning kan bli betre

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Med helsing

Britt Solheim  
senioringeniør

Anette Heggøy  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Avinor AS

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> KINN SENTRALADMINISTRASJON FLORØ OG FLORØ OG INNKJØPSSAMARBEIDET NORDFJORD, SUNDFJORD OG SOGN (INSS)	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 974551829	<b>Eigd av:</b> 974781654
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 84.110 - Generell offentlig administrasjon	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Florø Brannvesen - brannøvingsfelt	<b>Anleggsnr.:</b> 4602.0114.02
<b>Kommune:</b> Kinn	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Brannøvingsplass	
<b>Løyve gitt:</b> 7. juli 2005	<b>Sist endra:</b> 5. desember 2005

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft og vatn
- Utsleppskontroll
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Kinn kommune pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Kinn kommune innan 31. desember 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 31. august 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Kinn kommune betale eit gebyr på kr 27 100,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

### **6. Avvik**

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

#### **Avvik 1**

Verksemda si handtering av kjemikaliar er ikkje tilfredsstillande

#### **Avvik frå:**

- Utsleppsløyve av 7. juli 2005 sist endra 5. desember 2005, punkt 3.2 og 6.1
- Produktkontrolllova § 3 og § 3 a

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

#### **Kommentar til regelverket:**

##### *Rutinar (Utsleppsløyve punkt 3.2 og internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7)*

Internkontrollforskrifta gir reglar om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg. I samsvar med § 5 andre ledd i forskrifta, pliktar verksemda å iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Relevante rutinar kan vere rutinar for korleis vedlikehald skal gjennomførast, drift av reinseanlegg, handtering av avfall og avvikshandtering.

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 3.2 pliktar verksemda ved instruksar, opplæring og kontroll å syte for at drift av brannøvingsfeltet til ei kvar tid fører til minst moglege ulemper og skadeverknader.

##### *Risikovurdering (Utsleppsløyve punkt 6.1, internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og produktkontrollova § 3)*

I samsvar med produktkontrollova § 3 pliktar verksemda å vise aktsemd ved handtering av kjemikalier som kan vere miljøskadelege, og treffe rimelege tiltak for å førebyggje og avgrense eventuelle miljøverknader.

I samsvar med verksemda sitt utsleppsløyve av 7. juli 2005 punkt 6.1 pliktar verksemda å gjennomføre tiltak for å unngå, ev. avgrense risikoen for akutte utslepp. Tiltaka skal byggje på ein systematisk gjennomgang av aktiviteten ved verksemda. Dette gjeld også lagertankar og røyrsystem for olje og kjemikalier.

Krav til miljørisikoanalyse følger også av internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6.

##### *Substitusjonsplikt (Produktkontrollova § 3a)*

Produktkontrollova § 3a seier at verksemdar som nyttar produkt med innhald av kjemisk stoff som kan føre til verknad på det ytre miljøet, skal vurdere om det finst alternativ som fører med seg mindre risiko for slik verknad. Verksemda skal i så fall velje dette alternativet dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

#### **Avviket byggjer på følgjande:**

##### *Risikovurdering*

Ved synfaring på brannøvingsfeltet på Florø lufthamn vart det observert at fossilt brennstoff (diesel) var lagra på fleire 1000 liters IBC-tankar utan oppsamlingsarrangement. Det var også lagra fossilt brennstoff på mindre kanner samla i trekasser. For å ha kontroll på eventuell lekkasje, var tankar og kanner med brennstoff plassert oppå øvingsplattformene av betong med fall mot oljeutskiljar. Ved eventuelle lekkasjar vil brennstoffet dermed renne til oljeutskiljar i staden for å renne direkte til grunn eller sjø.

Både oppsamla søl av fossilt brennstoff og fossilt brennstoff som ikkje lenger er i bruk, skal leverast som farleg avfall. Lagringa av brennstoffet har ikkje blitt risikovurdert.

### *Rutinar*

Verksemda har skriftlege rutinar (instruksar) for handtering av brennstoff og kjemikaliar. Rutinane fortel ikkje korleis brennstoff og andre miljøfarlege kjemikaliar skal lagrast. Rutinar for lagring av brennstoff og andre farlege kjemikaliar bør byggje på resultatane av ei miljørisikovurdering jamfør punktet over.

### *Substitusjonsplikt*

Kinn brann og redning har dei seinare åra gjennomført endringar i drifta både når det gjeld kva sløkkemiddel og kva brennstoff som vert brukt i øvingane på brannøvingfeltet. Verksemda har likevel inga skriftleg rutine for systematiske jamlege substitusjonsvurderingar av brennstoff og andre kjemikaliar nytta ved øvingfeltet jamfør krav i produktkontrolllova § 3 a.

## **Avvik 2**

Verksemda har ikkje gjennomført årsrapportering til Statsforvaltaren

### **Avvik frå:**

- Utsleppsløyve av 7. juli 2005 sist endra 5. desember 2005, punkt 8

### **Kommentar til regelverket:**

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 8 skal verksemda kvart driftsår rapportere til Statsforvaltaren. Rapporten skal innehalde opplysningar om bruk av brennstoff (mengde og type), tal øvingsdøgn og resultat av avløpsprøver (etter oljeutskiljar). Verksemda skal rapportere på all bruk av brennstoff på øvingsplassen, ikkje berre dei typar brennstoff som står namngitt i rammene for løyvet under punkt 3.1. Årsrapporten skal innehalde opplysningar om all aktivitet på øvingfeltet, også AVINOR sin aktivitet. Rapporten skal sendast inn seinast 1. mars året etter.

### **Avviket byggjer på følgjande:**

Verksemda sendte inn årsrapport for 2016. Verksemda har ikkje sendt inn årsrapportar etter dette. Sidan verksemda dei seinare åra har endra bruken av brennstoff og no i all hovudsak nyttar propan til brannøvingane, har verksemda vore usikker på kva som skal rapporterast på i årsrapporten.

## **7. Merknader**

Vi gav følgjande merknader under inspeksjonen:

### **Merknad 1**

Verksemda sine rutinar for oppfølging av risikovurderinga kan betrast

### **Kommentarar:**

Verksemda utarbeida ei miljørisikoanalyse for brannøvingfeltet i 2016. Analysen har ikkje blitt oppdatert sidan då. Kinn brann og redning har ikkje ei skriftleg rutine for oppdatering av miljørisikovurderinga for brannøvingfeltet. Rutinen bør seie noko om kor ofte analysen skal gjennomgåast og kven som skal delta på gjennomgangen.

Avinor sin øvingsaktivitet er av ein annan karakter enn kommunen sine brannøvingar og inneber større vassmengder til sløkking. På tilsynet kom det fram at AVINOR tilpassar øvingsaktiviteten sin for å unngå at oljeutskiljaren sin dimensjonerande kapasitet blir overskriden, ved å legge inn pausar mellom sløkkeøvingane. Overbelastning av oljeutskiljaren er ikkje inkludert som ei aktuell hending i verksemda si miljørisikoanalyse.

Dersom miljørisikoanalysen viser risiko for overbelastning av oljeutskiljaren ved enkelte øvingsaktivitetar, bør verksemda sin skriftlege rutine (instruks) for bruk av øvingsplassen omtale og stille krav som reduserer denne risikoen.

Mangelfull oppfølging av oljeutskiljaren er heller ikkje inkludert som ei aktuell hending i miljørisikoanalysen.

## **Merknad 2**

Dialogen mellom Avinor og Kinn brann og redning kan bli betre

### **Kommentarar:**

Kinn brann og redning og Avinor har inngått ein driftsavtale for bruk av brannøvingsfeltet på Florø lufthamn.

Tilsynet viste likevel at dialogen mellom verksemdene kan bli betre:

- Avinor har ansvar for kontroll av oljeutskiljar og prøvetaking av utløpsvatn. Resultata frå prøvene har blitt sendt til VA-etaten i kommunen og ikkje til ansvarleg for brannøvingsfeltet.
- Ansvarleg for brannøvingsfeltet i kommunen kjente ikkje til Avinor sin søknad til Statsforvaltaren om endring av utsleppsløvet for brannøvingsfeltet (sjå meir informasjon under kapittel 7 andre forhold).
- Driftsavtalen mellom Kinn brann og redning og Avinor omfattar ei rutine for faste møter mellom partane 4 gonger årleg. Kommunen opplyste på tilsynet at ein ikkje har gjennomført slike møte.

## **8. Andre forhold**

### *Om anlegget*

Brannøvingsfeltet på Florø lufthamn blir brukt av Kinn brann og redning og Avinor. Både Kinn brann og redning og Avinor driv intern øving på øvingsfeltet i tillegg til kursing av mannskap frå andre kommunar/flyplassar. Omfanget av aktiviteten ligg innanfor rammene i gjeldande løyve.

Avinor og Kinn brann og redning har kvart sitt internkontrollsystem. Fordeling av ansvar og rutinar for bruk av øvingsfeltet er gitt i ein driftsavtale for brannøvingsfeltet. I hovudsak nyttar kommunen og Avinor kvar sin del av brannøvingsfeltet. Informasjon om planlagt aktivitet blir kommunisert gjennom jamleg dialog. Avinor har ansvar for oppfølging av oljeutskiljaren.

Kommunen sin brannøvingsaktivitet omfattar i hovudsak øving i ein gasskonteinar, der ein brukar propan som brennstoff og vatn til sløkking. Det vil også på sikt gå føre seg røykdykkarøvingar i eit nytt røykdykkarhus, og her med bruk av propan som brennstoff. Avinor sin øvingsaktivitet går føre seg ute i og rundt ein modell av ein flykropp. Brennstoff består av fuel (flydrivstoff) og sløkkemidla omfattar pulver, skum og mykje vatn.

All øving skjer på betongdekke med fall mot sluk og oljeutskiljar. Resten av øvingsområdet er asfaltert. Utløp frå oljeutskiljar går til kommunalt avløpsnett.

### *Revisjon av løyve*

Brannøvingsfeltet til Kinn brann og redning på Florø lufthamn har løyve frå 2005. Sidan det no er godt over 10 år sidan løyvet vart gitt er løyvet etter kvart blitt utdatert og det er behov for ei fornying.

Sidan løyvet vart gitt har det blitt gjennomført fleire endringar når det gjeld bruk av brennstoff og sløkkemiddel på øvingsfeltet. Mellom anna har verksemda skifta ut fluorholdig sløkkemiddel med andre alternativ, og det vert stort sett berre nytta propan som brennstoff i kommunen sine brannøvingar. Bruken av fossilt brennstoff som bensin og diesel er svært avgrensa. Bruk av propan i staden for treverk og fossilt brennstoff fører mellom anna til mykje mindre utslepp av røyk og plager for naboar enn tidlegare.

I tillegg til endring av rammene for bruk av brennstoff og sløkkemiddel, vil det også bli aktuelt å justere ned grenseverdiane for utslepp av olje frå øvingsfeltet i nytt revidert løyve. Aktuelle grenseverdier vil liggje nær mogeleg reinsekapasitet på dagens oljeutskiljarar. Ein aktuell grenseverdi er 5 mg/l. Ved gjennomgang av målte utløpskonsentrasjonar på tilsynet viste alle prøvar dei siste tre åra konsentrasjonar under 5 mg/l. Verksemda opplyste at konsentrasjonane på utløpet var høgare før, då ein i større grad nytta fossilt brennstoff i øvingane.

Avinor har i samband med søknad om endring av utsleppsløyve for Florø lufthamn også søkt om endring av rammene for sin aktivitet på brannøvingsfeltet på flyplassen. Søknaden omfattar utslepp frå testing av skumkanonar og tømning av pulveraggregat. Denne aktiviteten er ikkje inkludert i rammene i gjeldande løyve. I samsvar med føresegner for sivil luftfart<sup>1</sup> er det krav om kontinuerleg kontroll og vedlikehald av utrykkingskøyretøy. Dette inneber mellom anna prøvekyring av skumpumpesystem og slangar på brannbilar minst ein gong per kvartal. I tillegg skal pulveraggregat montert på køyretøyet utløysast ein gong kvart år, tømmast og reingjerast. Tømning av pulveraggregat vert gjennomført samtidig med sløkkeøvingar med pulver på øvingsfeltet. Avinor sin søknad vil bli vurdert i samband med revisjonen av kommunen sitt gjeldande løyve.

Statsforvaltaren vil starte med fornying av løyvet i 2022. I samband med dette vil vi be kommunen og Avinor om å oversende ei skriftleg utgreiing av aktuell brennstoffbruk og sløkkemiddel i dag og framover i tid, inklusiv ønska rammer for løyvet. Prognosane må dekkje planlagt drift av anlegget minimum 10 år fram i tid.

---

<sup>1</sup> FOR-2006-05-12-545. Forskrift om brann- og redningstjeneste BSL E 4-4, veiledning til Del 2, punkt 7.3.2

## 9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren